



Arkivnr: 2017/2682-119  
Saksbehandlar: Merethe Helland Nordnæs

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkeseldrerådet i Hordaland		06.09.2018

## Eldrerådskonferansen 2018 - konferansen for de kommunale eldreråda, vidare planlegging

### Samandrag

Denne saka har vore oppe på fleire møte i fylkeseldrerådet til handsaming, mellom anna den 15.03.2018 i sak PS 14/18 og den 24.05.2018, PS sak 29/18. Fylkeseldrerådet ønskjer å arbeide vidare med denne saka, slik at mest mogeleg av programmet til konferansen er klart.

Hovudsaka på møtet den 06.09.2018 er vidare planlegging av eldrerådskonferansen 2018.

Konferansen for dei kommunale eldreråda vert heldt den 6. og den 7. november 2018 på Scandic Hotel Neptun. Hovudtema vil vera ernæring og mat for eldre.

Konferansen er fortsatt under planlegging. Sjå protokoll frå møte den 24.05.2018 i PS 29/18

**Økonomi:** Midlar til konferansen er innarbeid i budsjett for 2018.

**Klima:** Inga verknader.

**Folkehelse:** Inga verknader.

**Regional planstrategi:** Inga verknader.

### **Konferansen for de kommunale eldrerådene**

Helsing ved opninga: Fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

Underholdning ved opninga (Helene Reigstad)

Underholdning ved middagen (Øyvind Offerdal? )

Takk for maten

Meny middagen: Meny nr. 1 er valgt. Kr. 445,-.

Pris å betale for deltakarane?

### PROGRAM:

Allereie bestemt og invitert:

### DAG 1:

- *Hege Ødegaard*, klinisk ernæringspsykolog ved Haraldsplass Diakonale Sykehus: om ernæring for eldre med heimetjenester, på sjukeheim og sjukehus og samhandling desse i mellom
- *Gunnvor Sunde*, kokke ved Gloppen sjukehjem i Sogn & Fjordane

**DAG 2:**

- *Kari Synnevåg*, koordinator for «Utvikingscenter for sykehjem og hjemmetjenester i Hordaland»
- Paneldebatt mellom politikarar om "fleire over 60 år på partia sine vallister" Arild leiar paneldebatten.
- 

Ikkje bestemt:

*Innspel frå eldreråa* med forslag til tema:

Sjå sak: Vidare planlegging av eldrerådskonferansen – innspel til tema.

**Forslag til vedtak**

Medlemmane i fylkeseldrerådet vil kome med innspel og forslag til resten av programmet for eldrekonferansen 2018.

Bertil Søfteland  
leiar fylkessekretariatet

Merethe Helland Nordnæs  
jurist/rådgjevar

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*